

SEPTEMBER 2019

ALTERNATIV BEHANDLING – INFORMASJON TIL FORBRUKAR



FORBRUKERTILSYNET



Den norske marknaden for alternativ behandling er stor. I følgje ei undersøking gjennomført av Nasjonalt Forsknings-senter innen Komplementær og Alternativ Medisin (NAFKAM) oppsøkte omtrent kvar fjerde nordmann ein alternativ behandlar i 2018, og det blei brukt nesten 45 milliarder kroner på alternativ behandling.

Det er eit stort og variert utval av alternative behandlingar i Noreg, med over 200 ulike behandlingsformer. Forbrukartilsynet har erfart at utøvarane av alternativ behandling er ei samansett gruppe, med stor variasjon i grad av seriøsitet, kunnskap om regelverket og vilje til å følgje dette.

Her er nyttig informasjon som kan vere til hjelp for deg som vurderer å oppsøkje alternativ behandling.

Kva er alternativ behandling?

Sjølve omgrepet «alternativ behandling» er vidt. Det omfattar verksemd som har til hensikt å lindre eller behandle sjukdom eller skade, samtidig som denne verksemda (normalt) ikkje går føre seg innafor den ordinære offentlege eller private helsetenesta. Døme på vanlege alternative behandlingsformer er akupunktur, naprapati, healing og fotsoneterapi, med mange fleire. Sjå meir om lovar og reglar under punktet «Regulering av alternativ behandling.»

Kvifor er ei behandlingsform «alternativ»?

Ei behandling bli rekna som «alternativ» fordi ho hovudsakleg blir utført utanfor helse- og omsorgstenesta; utan krav til dokumentasjon til verknad eller medisinske kunnskapar eller autorisasjon hos den som gir slik behandling.

Verknaden av alternative behandlingar manglar oftast vitskapeleg støtte.

Kven kan utføre alternativ behandling?

Norske styresmakter stiller ikkje generelle utdanningskrav for utøvarar av alternativ behandling.

I prinsippet kan kven som helst starte opp slik verksemd. Det finst heller ikkje eit autorisasjonssystem for dei alternative behandlarane som sikrar kvaliteten på tenestene frå den som nemner seg «alternativ behandlar».

Mange av dei som tilbyr alternativ behandling er med i utøvarorganisasjonar. Dei fleste slike organisasjonar stiller faglege krav til medlemmane, men krava varierar mykje. Undersøk difor om den utøvaren du tenkjer å gå til har utdanning, og eventuelt kva utdanning. Enkelte utøvarar av alternativ behandling er òg utdanna helsepersonell, medan andre har meir sporadiske kurs som einaste utdanning.

Kva for pasientrettar har ein ved bruk av alternativ behandling?

Generelt er du dårlegare sikra når du nyttar deg av alternativ behandling, enn av behandling frå helsetenesta.

Dei fleste som nyttar alternativ behandling, får det utanfor helsetenesta, av ikkje-autorisert helsepersonell. Då er pasienten verken omfatta av lov-gjevinga om pasientrettar eller av pasientskade-lova.

Ved eventuell skade har du altså ikkje krav på pasientskadeerstatning.

For å bidra til tryggleiken for pasientane krev styresmaktene at behandlarar som står som utøvar av alternativ behandling i Brønnøysundregisteret, må ha forsikring som dekker eit eventuelt erstatningsansvar overfor pasientar grunna behandlinga. Du bør difor sjekke om behandlaren står i Utøverregisteret. Står han eller ho ikkje der, bør du spørje om behandlaren likevel har ei slik forsikring.

Det er viktig å merke seg at ei eventuell oppføring i Utøverregisteret verken medfører fagleg eller kvalitetsmessig vurdering av den enkelte utøvar eller behandlinga han/ho gjev. Det er heller ikkje eit mål på at behandlinga har vitenskapleg dokumentert effekt og tryggleik.

Når den som gir den alternative behandlinga er autorisert helsepersonell, gjeld helsepersonellova. Då har behandlaren til dømes plikt til å føre pasientjournal. Det er eit mindretall av alternative behandlarar i Noreg som er autorisert helsepersonell. Undersøk difor om behandlaren du vil gå til er autorisert helsepersonell eller ikkje. Dersom vedkommande ikkje er autorisert helsepersonell – sjekk om han eller ho likevel fører journal.

Merk at det berre er i nokre høve at lovgjevinga om pasientrettar og pasientskadelova gjeld, sjølv om den som gir den alternative behandlinga er autorisert helsepersonell.

Forbrukarar som har ei tvist om alternativ behandling som ikkje er utført av autorisert helsepersonell, til dømes eit erstatningskrav, kan ta kontakt med [Forbrukerrådet](#) for mekling i saka.

Utgifter til alternativ behandling fell som klar hovudregel utanfor folketrygda si refusjonsordning.

Kan ein stole på marknadsføringa?

Marknadsføring av alternativ behandling er strengt regulert i eiga forskrift. Hovudregelen er at marknadsføringa skal skje ved «en nøktern og saklig beskrivelse av virksomhetens art». I praksis betyr det at utøvarane ikkje får definere kva sjukdommar/tilstandar behandlinga skal verke mot.

Forbrukartilsynet har ved ulike tilsynsaksjonar observert mykje kreativ marknadsføring frå alternative behandlarar, til tross for dei strenge krava som blir stilt. Som forbrukar er det viktig å hugse på å vere kritisk til marknadsføringa. Det som verkar for godt til å vere sant, er som oftast det.

Mange av utøvarane forklarar behandlingstilbodet sitt ut frå udokumenterte, alternative teoriar om kva sjukdom er og skuldast, og korleis behandlinga deira kan hjelpe mot plagene som pasienten opplever. Informasjonen deira er ofte ikkje tydelig på kva som er fakta og kva som er teori, og strekk ofte ikkje til som grunnlag for å ta informerte val om eiga helse. Objektiv faktainformasjon om vanlege alternative behandlingsformer kan du finne på staten si [nettside](#).

Regulering av alternativ behandling

Lov om alternativ behandling gjeld for alle som tilbyr eller utøver alternativ behandling i Noreg. Lova tek sikte på å bidra til tryggleiken for pasientar som søker eller nyttar alternativ behandling, samt betre å regulere utøvinga av slik behandling. Regelverket forsøker å balansere mellom på den eine sida omsynet til brukarane sin valfridom, og på den andre sida forbrukarane behov for vern.

Utgangspunktet etter lova er at kven som helst står fritt i å undersøke og behandle sjuke, men lova fastset likevel visse avgrensingar. Mellom anna er det berre autorisert helsepersonell som kan utføre medisinske inngrep eller behandling som kan medføre alvorleg helserisiko, og gje behandling av alvorleg og/eller allmennfarleg smittsam sjukdom.

Per i dag er alternativ behandling av barn lovleg i Noreg, og det er ikkje noko nedre aldersgrense for slik behandling. På [denne](#) siden kan du lese argument for og imot eit eventuelt forbod.

Kven fører tilsyn med dei alternative utøvarane?

I den ordinære helsetenesta er kvaliteten på tenestene sikra gjennom ei rekkje tiltak som organisering og leiing, krav til internkontroll, utdanningssystem og autorisasjonsordningar for utøvarar, og ikkje minst tilsynsordning frå Helse-tilsynet.

Berre autorisert helsepersonell som utøvar alternativ behandling er underlagt statleg tilsyn. I realiteten kan alternative behandlarar utøve si verksemd som dei vil, utan å risikere reaksjonar frå tilsynsmakter, under føresetnad av at dei ikkje bryt strafferettslege reguleringar.

Derimot er marknadsføringa av alternativ behandling underlagt tilsyn av Forbrukartilsynet. Dette omfattar mellom anna tilsyn med at det ikkje nyttast påstandar om at behandlinga har effekt på konkrete sjukdommar. Slike påstandar kan føre til at forbrukarane får urealistiske forhåpningar om at ei behandling skal kunne hjelpe dei. Vi fører også tilsyn med at alternative behandlarar ikkje marknadsfører behandling av alvorlege sjukdommar og lidingar som dei ikkje har lov til å behandle, som til dømes kreft og HIV. Ved brot på regelverket kan tilsynet etter tilhøva ilegje økonomiske sanksjonar. Du kan [tipse](#) Forbrukartilsynet om aktuell marknadsføring.

Forbrukartilsynet har utarbeida ei [rettleiing](#) for marknadsføring av alternativ behandling.

Vurderer du alternativ behandling?

- Det er klokt å undersøkje om utøvaren er registrert som utøvar av alternativ behandling i Brønnøysundregisteret. Behandlarar som er registrert der, må ha ansvarsforsikring.
- Viss ikkje behandlaren er registrert, bør du spørje om ho eller han likevel har ansvarsforsikring og om vedkommande er medlem i ein godkjend utøvarorganisasjon. Slike organisasjonar har eige organ for klage på medlemmane.

- Spør om behandlaren har utdanning, og eventuelt kva for utdanning, og om ho eller han er autorisert helsepersonell.
- Dersom behandlaren ikkje er autorisert helsepersonell, undersøk om ho eller han fører journal.
- Ver kritisk til påstandar i marknadsføringa – det som verkar for godt til å vere sant, er som oftast det. Du kan og sjekke på NAFKAM si informasjonsside [her](#), eller spørje om verknad og tryggleik til NAFKAM, på tlf. 77 64 66 50 eller på e-post: nafkam@helsefak.iut.no.



Les meir om alternativ behandling

- Objektive fakta om alternativ behandling generelt og om vanlege behandlingsformer, finn du på NAFKAM si [informasjonsside](#).
- Lov om alternativ behandling, forskrift om marknadsføring av alternativ behandling og forskrift om frivillig registerordning for utøvar av alternativ behandling; www.lovdato.no
- Kriterier for godkjenning av utøvarorganisasjonar og registrering av utøvar av alternativ behandling: www.helsedirektoratet.no
- Oversikt over godkjende utøvarorganisasjonar; www.brreg.no. Du kan søke etter registrerte utøvarar av alternativ behandling [her](#).
- Meir om norsk forskning på alternativ behandling på www.nafkam.no
- SABORG, samanslutning av alternative behandlarorganisasjonar; www.saborg.no

